

# Sakspapir

<b>Saksbehandler</b>	<b>Arkiv</b>	<b>ArkivsakID</b>
Ove Sæbø	FA - C03	17/182

<b>Saksnr</b>	<b>Utvalg</b>	<b>Type</b>	<b>Dato</b>
049/2017	Formannskapet	PS	06.09.2017

## Drøftingssak - modalsdagane.

### Forslag til vedtak:

Drøftingssak – overordna evaluering av modalsdagane 2017 m.o.t. vidare retning.

### Saksopplysningar:

Modalsdagane har vore arrangert sidan tidleg på 1990-talet. Arrangementet har på mange vis vore den viktigaste enkeltstående kultursatsinga gjennom året. Økonomisk har desse dagane vore finansiert gjennom kulturbudsjettet, billettinntekter, samt nokre sponsorinntekter.

Kulturkontoret skal på grunnlag av dei budsjetttrammer som vert vedtekne leggje til rette for eit godt og allsidig kulturtilbod for innbyggjarane. Kulturtilbodet må også forankrast i forhold til kva Modalen som samfunn ynskjer å prioritere med omsyn til omdømme (attraktivt å busetje seg / arbeide i). Modalsdagane vert ein møteplass for både innbyggjarar og besøkande som skal tene fleire føremål.

Sidan modalsdagane bør reflektere kommunen sin ynskjer og prioriteringar er det aktuelt med ei drøfting av retning vidare.

Kulturkontoret har ansvar for å lage eit best mogleg arrangement, men det er god tradisjon for å arbeide tett med politisk nivå i forhold til vegval for kommunen. Modalsdagane bør vere heile Modalen sitt arrangement. Då treng me felles forståing og forankring for det arbeidet me skal gjere i åra framover.

### Bakgrunn

Problemstillingar som kan danne grunnlag for drøftinga:

Kvar vil me med modalsdagane? Kva innhald ynskjer me å fylle arrangementet med, og kvifor? Kven skal me rette oss mot? Skal me utvide og ta i bruk fleire dagar? Korleis sikre at me vert mindre sårbare for regn? Skal ha skipe ein arrangementskomitè? Treng me «flaggskip» eller breiddetilbod?

Bryggjedansen utfordrar t.d. på drøftingar om kva modalsdagane skal innehalde med omsyn til

kostnadsbilete og profil.

Kva skal vere vårt særleine? Korleis mobilisere til deltaking (planlegging / gjennomføring)? Kanskje skipe ein arrangementskomité?

#### Økonomi:

I 2016 hadde modalsdagane ein kostnad på om lag kr. 370 000,-. I 2017 var summen kr. 210 000,-. Arrangementet er sårbart i forhold til vèr. Billettinntektene for bryggjedansen er den største inntektskjelda (2016: kr. 61 500,-, 2017: kr. 100 000,-). Modalen kommune mottok i 2016 kr. 30 000,- i tilskot frå BKK. I 2017 var dette beløpet kr. 25 000,-.

Kva for eit kostnadsnivå skal me leggje oss på? Slik det er no er det usikkert kor mykje arrangementet kostar frå år til år – det gjer at kulturbudsjettet som heilskap vert råka av uvisse. Utviklinga vil då fort verte å redusere kostnadane til arrangementet i tråd med den generelle reduksjonen på kulturbudsjettet. Bør ein t.d. setje ei fast ramme på kr. Xxx xxx til føremålet slik at ein kan skilje dette frå øvrige aktivitetar gjennom året? Jfr. budsjettreduksjonen som har vore siste 2 åra. Retningsval vil også setje føringar for kostnadsramme.

#### **Vurdering**

Rådmannen vurderer at ei drøfting vil kunne bidra til å aktualisere eit retningsval for modalsdagane. Her vil ein kunne leggje overordna føringar for organisering, innhald, omfang og økonomi. Slik sikrar ein ei god forankring for modalsdagane framover.

#### **Konklusjon**

Rådmannen rår til at det vert gjort ei drøfting som resulterer i overordna føringar for modalsdagane i åra framover.

### **Formannskapet - 049/2017**

#### **FOR - behandling:**

Kultur og utviklingssjef orienterte om årets Modalsdagar. Formannskapet drøfta innhaldet i Modalsdagane. Semje om at ein skal prøve å halde på konseptet slik det framstår i dag, men at kommunen bør prøve å få private aktørar meire på bana i planlegging og gjennomføring av dagane. Bryggjedansen vart teke fram som eit arrangement der ein bør prøve å få private aktørar til å ta ansvar for gjennomføringa.

#### **FOR - vedtak:**

Drøftingssak – overordna evaluering av modalsdagane 2017. Semje om at ein skal prøve å halde på konseptet slik det framstår i dag.

